
Fra: Tonje Nepstad Epland
Sendt: tirsdag 25. september 2018 15.36
Til: 'tor-henning@synfaring.no'
Emne: Spørsmål om dør

Hei

Dykkar e-post av 25.09.18.

Kommunen kan ikkje gje råd i høve kva dør som vil tilfredsstille forskriftskrava i dykkar bustad. Som ytterdør i bustad vil det til dømes vere krav knytt til varmetap. Som dør mellom garasje og bustad kan det vere brannkrav til døra avhengig av storleiken på garasjen.

Kva tekniske krav som gjeld for bygning og bygningsdelar følger av Forskrift om tekniske krav til byggverk. Forskrifta finn du på lovdata: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-06-19-840>.

Leverandør av døra vil truleg kunne hjelpe deg. Om du vil vere trygg kan du velje ei dør som held brannkrav som brannskilje mellom branncellar.

Helsing

Tonje Nepstad Epland
Leiar teknisk forvaltning

Radøy kommune

Radøyvegen 1690, 5936 Manger
Tlf.dir: 56 34 90 50
E-post: tonje.epland@radoy.kommune.no

